
Fra: Sissel-Anny <sahjelm@online.no>
Sendt: 13. september 2016 11:35
Til: Postmottak Lindås
Emne: historiske dokument til arkiv

Til kommunane Lindås, Radøy og Meland

HISTORISK ARKIV I NORDHORDLAND

I august 2014 fekk eg plassert om lag 20 gamle protokollar (mest rekneskap) på det historiske lageret som Lindås kommune leiger i Knarvik senter, under biblioteket. Alt var frå Seimstrand meieri i tida 1885 – ca 1950.

Eg gjer merksam på at eg ikkje fekk kvittering frå Lindås kommune på dette. No treng eg plass til 4 kassar med ymse frå same meieri pluss frå det 1. mjølkeutsalet i Bergen frå rundt 1890.

Det er utklart kven som eig det som er/vert plassert der, kven som registrerer det, og korleis det vert tilgjengeleg på ein trygg måte i framtida? Det ligg mykje interessant lokalhistorie i gamle dokument, som difor må takast vare på på ein god måte. Eg meiner at det ville vera ei god ordning om biblioteket i Knarvik, som for tida er i etasjen over det historiske lageret, tek vare på det, t.d. som ein forlenga arm av Statsarkivet i Bergen., og at dei som vil, kan få hjelp til å kopiera og lesa dei gamle dokumenta i opningstida til biblioteket.

Eg vil nemna at i Seim er det laga til eit lokalhistorisk arkiv i Strilatun, der det vert samla inn mange gamle protokollar frå eldre lag i bygda, og som til dels vert registrerte. Men det er lite tilgjengelege for folk flest. Ikkje av uvilje, men av praktiske grunnar, fordi det ikkje er bemanna. Kjekt for dei som har lykjel, men det stoppar opp når mannen med lykjelen er bortreist, ligg på sjukehus og ellers ikkje er å finna. Lindås sogelag hadde same problem før Strilamuseet vart ein realitet i 2005, og er det vel til dels no etter museet vart lagt ned i 2015.

Eg trur det er på tide å få eit historisk arkiv på føtene i Nordhordland, der kvar bygd/kommune kan vera trygg for at det både vert teke vare på og, ikkje minst, vert tilgjengeleg for folk flest.

Eg meiner at Nordhordland dermed har tre nye historiske oppgåver å samarbeida ut frå, og dei må arbeidast med, kvar for seg:

1 lokalhistorisk arkiv i Nordhordland, som kan vera det enklaste å få til, fordi ein alt har lokale og plass sentralt i Knarvik

2 Håkonshaugen og området rundt i Seim, som kan og bør verta eit regionalt fyrtårn, og vil vera enkelt å utvikla om ein ser bort frå sameining med museum.

3 museum for Nordhordland, som eg trur vert eit langt lerret å bleikja, fordi det grip inn i heile museumssystemet, statlege, fylkesmessige og regionale ordningar. Det vert truleg ein lang prosess.

Eg er viss på at ein må ta steg for steg, med arkiv for seg, spelområde og servicebygg rundt Håkonshaugen for seg, og museum for Nordhordland for seg. Om alt vert liggjande i lag til slutt, veit ingen.

Venleg helsing
Sissel-Anny Hjelmtveit
Vødlane/Lurevegen 90
5912 Seim

mob 977 61 037